

Innstilling

1. Fylkesutvalet stiller seg bak målsetjinga i Statens vegvesen si «Utredning om forbindelse mellom Østlandet og Vestlandet» om å prioritera nasjonale hovudvegsamband mellom landsdelane.

Fylkesutvalet understrekar at E39 Stavanger - Bergen, E16 Voss – Bergen og Bergensbanen (Voss – Bergen og Ringeriksbanen) må ha første prioritet i høve til utbygging av vegsambanda aust/vest over fjella.

2. Ut frå landsdelsbehova må Rv7 over Hardangervidda også prioriterast som eit nasjonalt vegsamband aust-vest.

3. Fylkesutvalet meiner at E134 Haukeli må prioriterast som eit nasjonalt hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet. Med utbygging av ferjefri E39 mellom Stavanger og Bergen, vil E134 Haugesund - Sandvika bli ein tenleg veg for heile området mellom Stavanger og Bergen. På sikt må det byggast ein diagonal frå E134 mot Bergen. Ein slik diagonal vil gje stor trafikk, betydeleg lågare reisetid og kunna gje store regionale effektar i fylket.

4. Når det er aktuelt å gjennomføra ein KVU for aktuelle trasear for E134 Jøsendal – Bergen, må samtlege moglege diagonaltraséar vurderast.

Rune Haugsdal

fylkesrådmann

Håkon Rasmussen

fylkesdirektør samferdsel